



*Ark. nr. 412.5 leker*

Bergen, 24. 9. 1986  
EE/BSH

FORSKRIFT OM ENDRING I FORSKRIFT OM REGULERING AV REKEFISKET VED  
VEST- OG AUST-GRØNLAND I 1986.

Fiskeridepartementet har 19. september 1986 med heimel i lov av  
3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. §§ 4 og 5 og i lov av  
16. juni 1972 nr. 57 om regulering av deltagelsen i fisket § 6,  
femte ledd, bestemt:

I

I forskrift av 23.12.85 om regulering av rekefisket ved Vest- og  
Aust-Grønland i 1986, gjøres følgende endring:

§ 6 tredje ledd skal lyde:

Fiskeridirektøren kan oppheve fartøykvotane ved Aust-Grønland  
fastsett etter §§ 2, 4 og 6, første ledd. Etter at fartøykvotane  
er oppheva kan Fiskeridirektøren bestemme:

1. at deltagande farty kan fiske fritt fram til den totale kvoten på  
2050 tonn er oppfisca eller
2. at restkvoten blir delt med likt kvar av dei deltagande  
farty.

§ 6 (nytt) fjerde og femte ledd skal lyde:

Dersom restkvoten blir delt likt på dei deltagande farty kan  
Fiskeridirektøren fastsetje ein siste frist for å starte fisket.  
Farty som ikkje overheld fristen misser den tildelte kvote.

Dersom storleiken på restkvoten eller talet på innvilga lisenser  
tilsier at ferre farty enn dei som har meldt seg interesserte kan  
delta kan Fiskeridirektøren avgjere kven som skal få løyve til å  
fiske.

II

Denne forskrift trer i kraft straks.

-----

Etter denne endring har forskriften denne ordlyden:

FORSKRIFT OM REGULERING AV REKEFISKET VED VEST- OG AUST-GRØNLAND  
I 1986.

Fiskeridepartementet har 23. desember 1985 med heimel i lov av 3.  
juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. §§ 4 og 5 og i lov av 16.



juni 1972 nr. 57 om regulering av deltagelsen i fisket § 6, femte ledd, fastsett denne forskriften:

§ 1

Det er forbode å fiske reker ved Vest-Grønland (NAFO-område 1) og i den grønlandske sona ved Aust-Grønland (ICES-område XIV og Va).

Utan hinder av forbodet i første ledd kan norske farty som er tildelt kvote i 1986 fiske 450 tonn reker ved Vest-Grønland i NAFO-område 1 sør for 68° n. br. og 2050 tonn reker i den grønlandske sona ved Aust-Grønland i ICES-områda XIV og Va.

§ 2

Totalkvoten på 2050 tonn ved Aust-Grønland skal fordelast på dei deltagande farty etter inndeling i følgjande grupper på grunnlag av godkjend lastekapasitet:

- a) under 80 tonn
- b) 80 tonn til 99,9 tonn
- c) 100 tonn til 129,9 tonn
- d) 130 tonn til 159,9 tonn
- e) 160 tonn til 199,9 tonn
- f) 200 tonn og meir

Fartykvotane blir utrekna slik: 50% av totalkvoten blir delt med likt kvarsum på kvart farty. Dei resterande 50% blir delte på fartya etter den gjennomsnittlige lastekapasiteten i gruppene.

Ikkje noko farty kan tildelast ein fartykvote som er større enn fartyet sin godkjende lastekapasitet.

§ 3

Totalkvoten på 450 tonn ved Vest-Grønland skal delast på farty som seinast 23. desember 1985 er påmelde til Fiskeridirektøren for fiske ved Vest-Grønland i 1986. Dersom den samla godkjende lastekapasiteten til dei påmelde fartya overstig 450 tonn, skal kvoten fordelast etter loddtrekking til 4 av dei påmelde fartya med 112,5 tonn til kvart farty.

Dersom nokon av dei uttrekte fartya har ein godkjend lastekapasitet som er mindre enn 112,5 tonn, skal fartyet sin kvote setjast lik den godkjende lastekapasiteten.

Den resterande delen av den norske totalkvoten skal då delast i høve til storleiken på lastekapasiteten til dei uttrekte fartya med godkjend lastekapasitet større enn 112,5 tonn.

Dersom det 23. desember 1985 ikkje er påmelde farty for fiske ved Vest-Grønland med ein samla godkjend lastekapasitet på minst 420 tonn, blir det opna for fritt fiske frå den 8. januar 1986 fram til totalkvoten på 450 tonn er oppfiska.



§ 4

Fiskeridirektøren avgjer under kva gruppe det einskilde deltagande fartyet hører til, og fastset kvoten til det einskilde fartyet ved Vest-Grønland og Aust-Grønland.

Ved fastsetting av kvotar etter § 3 kan det gjerast slike justeringar som praktiske omsyn tilseier.

§ 5

Deltakande farty skal melde frå til Fiskeridirektoratet før avgang til feltet, og skal sende kopi til Fiskeridirektoratet av dei meldingane om innseiling i sona, vekefangst og utseiling frå sona som dei er pålagde å sende etter gjeldande fiskeriregler i grønlandske sone.

I den grønlandske sona ved Aust-Grønland kan ikkje fleire enn 15 farty fiske samstundes. For å gjennomføre denne avgrensinga i deltagninga i fiske etter reke ved Aust-Grønland kan Fiskeridirektøren forby farty å gå inn i sona, påleggje farty å gå ut av sona og inndele fartya i puljer eller tildele fartya tørnnummer.

§ 6

Fiskeridirektøren kan fastsetje ein dato som siste frist for å starte fisket ved Aust-Grønland. Farty som ikkje har starta fisket innan ein slik fastsett frist, misser den kvoten som er tildelt etter §§ 2 og 4.

Den del av den norske totalkvoten på 2050 tonn som var tildelt farty som ikkje starta fisket innan fristen skal delast i samsvar med reglane i §§ 2 og 4 på dei fartya som har starta fisket ved Aust-Grønland. Farty som på grunn av havari blir hindra fra å starte fisket ved Aust-Grønland innan fristen kan etter søknad også takast med ved fordelinga av kvoter etter denne paragrafen.

Fiskeridirektøren kan oppheve fartykvotane ved Aust-Grønland fastsett etter §§ 2, 4 og 6, første ledd. Etter at fartykvotane er oppheva kan Fiskeridirektøren bestemme:

1. at deltagande farty kan fiske fritt fram til den totale kvote på 2050 tonn er oppfiska eller
2. at restkvoten blir delt med likt kvar av dei deltagande farty.

Dersom restkvoten blir delt likt på dei deltagande farty kan Fiskeridirektøren fastsetje ein siste frist for å starte fisket. Farty som ikkje overheld fristen misser den tildelte kvote.

Dersom storleiken på restkvoten eller talet på innvilga lisenser tilsier at ferre farty enn dei som har meldt seg interesserte kan delta kan Fiskeridirektøren avgjere kven som skal få løyve til å



fiske.

§ 7

Blir fartykvotane etter § 3 og 4 ved Vest-Grønland (NAFO-området 1) ikke utnytta innan 15. august 1986 kl 0000 GMT, blir kvotetildelingane oppheva, og deltagende farty kan fiske fritt fram til den totale kvoten på 450 tonn er oppfiska.

§ 8

Fiskeridirektøren kan fastsetje nærmere forskrift om gjennomføring og utfyllig av reglane i denne forskriften, under dette også forskrift om dagleg rapporteringsplikt, prøvetaking og tidspunkt for stopp i fisket når det blir utrekna at kvotene er oppfiska.

§ 9

Brot på reglane i denne forskriften eller på reglar gitt med heimel i denne forskriften blir straffa etter reglane i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. § 53.

§ 10

Denne forskriften vert sett i kraft 23. desember 1985, og gjeld til så lenge.

-----